




FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 17.10.2016
Vår ref.: 2016/11160
Arkivnr.: 522.1



Karmøy kommune
Rådhuset
4250 Kopervik

KARMØY KOMMUNE SENTRALARKIVET	
19 OKT. 2016	
Saknr. 16/3363-7	L.nr. 53532/16
Arkivkode:	V18

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til plan for nydyrking og massefylling/terrengheving på gnr. 118/4,52,60 sør av Aksnesbekken, Karmøy kommune

Fylkesmannen tilrår dyrking av 12 da innmarksbeite under føresetnad av vilkår som tek vare på Aksnesbekken.

Fylling/terrengheving av 40 da med tilførte massar er eit vesentleg terrengingrep som truleg vil ha vesentleg negativ påverknad på naturmangfaldet. Tiltaket må difor handsamast etter § 3 i forskrifta om konsekvensutgreiingar av tiltak etter sektorlover.

Nydyrkingsforskrifta er ikkje laga med tanke på at det vert tilført massar utanfrå. Kommunen og tiltakshavar må difor vurdere om alle interessene blir godt nok ivareteke av dette lovverket eller om ein i tillegg må handsame tiltaket etter plan- og bygningslova og/eller anna sektorlovverk

Vi viser til brev av 19.09.2016 frå Karmøy kommune kor Gunnulv Våge søkjer om å få godkjent plan for nydyrking av 12 daa innmarksbeite. Det er elles vist 2 område på til saman over 40 daa kor han ynskjer å heva terrenget med ein halv meter. Områda skal nyttast til juletreproduksjon og grovfôrproduksjon. Søknaden er vedlagt kart som viser omsøkte areal. Karmøy kommune opplyser om at arealet drenerer til Aksnesvassdraget kor det er sjøaure, og legg ved rapport frå Haugesund jeger og fisk som omhandlar bekken og tilhøva for sjøauren. Saka er sendt Fylkesmannen til uttale i høve § 9 i nydyrkingsforskrifta, kor Fylkesmannen skal gje uttale i høve vesentlege miljøverdiar. Uttalefristen er satt til 19.10.2016.

Vurdering

Nydyrkingsforskrifta er heimla i § 11 i jordlova der det står: "For å unngå skade på natur og kulturlandskap, kan departementet gi føresegner for nydyrking". Føremålet med nydyrkingsforskrifta er å sikre at nydyrking skjer på ein måte som tar omsyn til natur og kulturlandskapet. Saka er oversendt i høve forskrift om nydyrking § 9 kor omsynet til natur og kulturlandskapsverdiar skal vurderast for større område uavhengig av eigedomsgrensar. Fylkesmannen skal då uttale seg der nydyrkinga kan røre ved vesentlege miljøverdiar.

Grunna i stor saksmengd har vi ikkje hatt anledning til å synfare området, men kart og flybilete gjev eit godt bilete av områda, som ligg frå omlag 30 til 60 moh på sørsida av Aksnesbekken. Terrenget her skrånar relativt bratt til elva som er registrert som viktig bekke drag og viktig gytebekk for sjøaure. Ei nydyrking og terrengheving vil grunna i bratt terreng føre til auka næringsavrenning og sedementering av finstoff som vil truga livet i elva.

Sannsynet for slike vesentlege verknadar på naturmangfaldet gjer difor at søknaden også må handsamast etter § 3 i forskrifta om konsekvensutgreiingar av tiltak etter sektorlover. Det vil her vera viktig å få meir informasjon om korleis tiltaket kan gjennomførast utan å påføre livet i bekken skade. Likeeins er det viktig å få ei landskapsanalyse som gjer ein vurdering av korleis terrenghevinga vil påverke dagens landskapsbilete.

Det vert opplyst i søknaden at ein har moglegheit til å få til køyrt matjord frå ein entreprenør. Ut frå det som er oppgitt på karta om heving av terrenget med ein halv meter høgd, svarer dette om lag 20.000 m³ jordmasser som skal planerast over eit areal på godt 40 da. Dette vil påverke dagens landskapsbilete og bryte med eksisterande kulturlandskap og kan såleis vera eit vesentleg terrengingrep som krev søknad etter plan- og bygningslovas § 20-2.

Tilkøyring av masser vil og medføre ein heil del tungtrafikk i anleggsperioden som må avklarast i høve andre samfunnsinteresser.

Konklusjon

Som ei avgrensa dyrkingssak av 12 da innmarksbeite, har Fylkesmannen ikkje kjennskap til spesielle naturverdiar på det omsøkte arealet, men vil understreka at det er viktig å sette vilkår som hindrar skadeleg avrenning i høve livet i Aksnesbekken. Vegetasjonssonen vil vere viktig i høve til dette.

Omsøkte terrengheving kjem knapt inn under definisjonen om nydyrking, jf. § 3 i nydyrkingsforskrifta, og denne forskrifta er heller ikkje laga med tanke på at det vert tilført massar utanfrå. Kommunen og tiltakshavar må vurdere om alle interessene blir godt nok ivareteke av dette lovverket eller om ein i tillegg må handsame tiltaket etter plan- og bygningslova og/eller anna sektorlovverk.

Fylkesmannen finner det sannsynleg at terrenghevinga vil ha negativ verknad på landskap, og avrenninga frå arealet vil ha negativ effekt på naturtypen viktig bekkedrag, og livet i vassdraget her. Storleiken på tiltaket vil påverke dagens landskapsbilete og bryte med eksisterande kulturlandskap. Sannsynet for at tiltaket vil ha vesentlege verknadar på naturmangfaldet er stort og gjer at søknaden også må handsamast etter § 3 i forskrifta om konsekvensutgreiingar av tiltak etter sektorlover.

Vi viser elles til naturmangfaldlova jf. § 4-14 om berekraftig bruk kor Karmøy kommune har eit særskilt forvaltingsansvar, og gjer merksam på at kommunen pliktar å vurdere saka i høve §§ 8-12, jf. § 7 i dette lovverket.

Vi ber om å få tilsendt kopi av kommunen si vidare oppfølging av sak.

Med helsing

Erik Cockbain
ass. fylkesmiljøvernsjef

John Inge Johnsen
naturvernkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: John Inge Johnsen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 09
E-post: finrojij@fylkesmannen.no

Kopi til:
Gunnulv Våge Spannavegen 575 5546 RØYKSUND